

Møteprotokoll

Utval: **Styret for Ålfotbrean landskapsvernombraade**

Møtestad: Telefonmøte

Dato: 12.09.2014

Tidspunkt: 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Medlem	
Bengt Solheim-Olsen	Medlem	
Nina Klara Grotle	Medlem	
Anita Nybø	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 4/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 5/14	Søknad om plassering av kasser for breutstyr – Keipen turlag		
ST 6/14	Søknad om helikopterlandning i samband med synfaring – SFE		
ST 7/14	Legge framlegg til forvaltningsplan ut på høyring		
RS 2/14	Orienteringssaker		

ST 4/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Ålfotbreen verneområdetstyre godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak:

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

ST 5/14 Søknad om plassering av kasser ved Gjengedalundsbrean – Keipen turlag

Dokumenter i saka:

- Søknad om plassering av kasser frå Keipen turlag
- Vedlagt kart som syner plassering
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde

Søknaden

Keipen turlag søker om å få plassere to kasser ved Gjengedalundsbrean. Det skal stå ei kasse på kvar side av eit breparti som må kryssast om ein skal gå ruta frå Bjørndalen/Gjengedalunden og til Gjegnen. Kassene skal brukast til å oppbevare breutstyr som trengs for å krysse breen.

Kassene skal vere om lag 1x1x1 m, og dei skal skjulast med stein slik at dei ikkje vert synlege. Plassering er merka av på kart som er lagt ved søknaden.

Verneforskrift og regelverk

Inngrep i form av oppføring av installasjonar er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til dette til visse føremål, og turlagsverksemد er eit av desse føremåla. Dette står i verkeforskrifta § 3 pkt 1.3 c)

Verneforskrifta § 3:

1.3 *Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til:*

[...]

c) *oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk, turlags-verksemد og oppsyn som ikkje er i strid med verneføremålet. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk, og det er eit vilkår at det ikkje er andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål*

[...]

Forvaltningsstyresmakta har altso heimel i forskrifta til å gje løyve til det som Keipen turlag søker om, so lenge det ikkje strider mot verneføremålet.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for å undersøkje om det omsøkte tiltaket treng løyve etter plan- og bygningslova eller andre regelverk som kommunen handterer.

Vurdering

Keipen turlag har tidlegare fått midlar frå Ålfotbreen verneområdestyre til å merke og varde denne ruta frå Bjørndalen/Gjegnalunden og opp til fjellet Gjegnen. Bakgrunnen for det var eit lokalt ynskje om å få til ei merka rute frå «Ålfotensida» til Gjegnen. Ruta kan nyttast både til organiserte/guida turar og for vande fjellfolk.

På denne ruta må man krysse Gjegnalundsbrean for å kome bort på fjellryggen der toppen på Gjegnen ligger. Av omsyn til tryggleiken må ein i store delar av året bruke noko breutstyr til denne kryssinga. Ein del av dette kan lagrast oppe i fjellet gjennom sesongen. I samband med dette vil Keipen turlag sette opp kasser på kvar side av brestrekninga som må kryssast, til å lagre utstyr i.

Ein føresetnad for at det kan vurderast å gje løyve til dette, er at det ikkje kan vere i strid med verneføremålet. Føremålet med vernet er mellom anna å ta vare på landskapet utan større tekniske inngrep. Dette er snakk om kasser som vert relativt små i eit storslått landskap, so lenge farge og plassering av kassene er slik at dei passer inn i landskapet og ikkje syner meir enn naudsynt. Turlaget skriv i søknaden at kassene skal skjulast med stein, noko som vil sikre dette omsynet.

Utplassering av denne typen innretningar er noko ein skal vere forsiktig med i eit verna område. Det bør berre vurderast i tilfelle der det ligg eit reelt behov og eit fornuftig føremål bak, og gjerne at det vert gjort i organisert regi. I dette tilfellet er det etter verneområdeforvaltninga sitt syn både eit reelt behov og eit godt føremål bak (tryggleik for turfolk). Det tel og positivt at det er eit turlag som står bak søknaden. Turlaga er ein del eit større system (Den Norske Turistforening) og har gjennomarbeidde standarar å halde seg til for merking og tilrettelegging.

Keipen turlag har søkt om å bygge to kasser på om lag 1x1x1m, noko som er veldig store kasser. Særleg vil ei høgd på 1m gjere det krevjande å klare å skjule kassane med stein. Verneområdeforvaltaren vil ikkje gå inn å detaljstyre storleik og utforming av kassene, men vil likevel be turlaget vurdere å lage dei mindre. Kassene skal ikkje vere større enn det som er naudsynt for å dekke behovet for lagringsplass.

Det er viktig at slike innretningar vert fylgt opp og halde ved like. Her vil Keipen turlag ha eit ansvar. Kassene må ikkje verte ein oppsamlingsplass for øydelagt eller utdatert utstyr, eller andre ting som ikkje har nokon funksjon. Dersom kassene skulle verte øydelagde eller det ikkje er bruk for dei lenger, må turlaget sørge for at kassene vert fjerna og at det vert rydda opp.

Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml)

Jamfør nml § 7, skal alle vedtak som kan påverke naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12. Gjennom § 8 vert det sett krav til at kunnskapsgrunnlaget kring tiltaket og effektane tiltaket kan føre med seg er tilstrekkeleg. Her er det snakk om å plassere to kasser i eit steinete landskap og skjule dei med stadeigen stein, og det er ikkje venta at dette kan gje negative effektar på naturmiljøet på stadane. Naturbase syner heller ingen førekomstar eller særskilde verdiar i området som er i konflikt med tiltaket. Føre-var-prinsippet i § 9 vert derfor ikkje vurdert.

Det er ikkje plassert ut liknande innretningar i området frå før. Den samla belastninga (jf. nml § 10) vil derfor framleis vere særsliten sjølv om desse kassene vert plassert ut. Det er heller ikkje venta at dette er stort behov for andre stader i verneområdet. Her er få merka ruter og relativt få organiserte turar. Samla belastning vil verte halden nede ved at det alltid vil vere strenge kriterie for å sette opp innretningar i verneområdet. I tillegg vert det jobba med å rydde opp i skrot og søppel etter tida med kraftutbygging i dette fjellområdet, og omfanget av «framandlekamar» i verneområdet vert derfor redusert.

Gjennom § 12 i nml kan ein setje krav om at mest skånsame metode og lokalisering skal veljast. I dette tilfelle vert dette omsynet ivareteke ved at kassene skal plasserast slik at dei kan skulast med stadeigen stein.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre gjev Keipen turlag løyve til å plassere ut to kasser for lagring av breutstyr, i samsvar med søknaden. Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 c)

Vilkår for løyvet:

- Kassene skal ikkje vere større enn kva som er naudsynt for å stette behovet, og maksimalt 1 x 1 x 1 m.
- Kassene skal ha ein farge som passar inn i terrenget og dei skal skulast med stadeigen stein
- Kassene skal ikkje brukast til anna enn lagring av brukande breutstyr. Defekt og utdatert utstyr skal transporterast ut av landskapsvernombret.
- Dersom kassene vert øydelagde eller går ut av bruk, skal dei fjernast og staden skal ryddast opp att
- Keipen turlag er ansvarleg eigar av kassene

Vedtak:

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

ST 6/14 Søknad om helikopterlandning i samband med synfaring – SFE

Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlandning frå SFE
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Sogn og Fjordane Energi (SFE) har søkt om konsesjon til å bygge Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune. Bredvatn ligg rett utanfor Ålfotbreen landskapsvernområde. I samband med konsesjonssøknad og –prosess, skal det vere synfaring i området no i haust. SFE søker derfor om å lande på to stader inne i landskapsvernområdet med inntil to helikopter på kvar stad. Landingsplassane er merka av på kart som er vedlagt søknaden.

Årsaka til at SFE ynskjer å lande inne i landskapsvernområdet er at dei vil sjå på utbyggingsområdet frå ei aktuell turrute i området. Tidspunktet for synfaringa er avhengig av veret, so dei søker om løye for perioden 15.sept til 31.okt, med 17.sept som den mest aktuelle datoен.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. I verneforskrifta er det opna for at det kan gjevast løye til motorferdsel til visse føremål. Synfaring i kraftsaker er ikkje nemnt som eit av desse føremåla, og det er derfor ikkje heimel i verneforskrifta til å gje eit slikt løye som det er søkt om.

Søknaden må derfor handsamast etter naturmangfaldlova sin generelle dispensasjonsparagraf, § 48:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I denne saka er det første ledd som er aktuelt å bruke, at tiltaket ikkje strider mot verneføremål og at det ikkje kan påverke verneverdiar nemneverdig. Desse føresetnadane må vere oppfylt for at det skal vere heimel til å gje dispensasjon. Deretter må det vurderast om, og eventuelt på kva vilkår, ein dispensasjon skal gjevast.

Vurdering

Fjellområdet kring Ålfotbreen landskapsvernområde er eit område med mykje kraftutbygging. Kraftselskapa sin aktivitet er derfor ein del av den jamlege verksemda i desse områda, og dei er ein stor del av SFE si verksemd. Forvaltninga og SFE har heile vegen hatt eit godt samarbeid.

No har SFE søkt om konsesjon for nye kraftanlegg i eit allereie utbygd vassdrag, for å kunne utnytte vassressursane her betre og meir effektivt enn det vert gjort i dag. I samband med denne konsesjonssøknaden skal det vere synfaring i området. Anlegget og magasinet det er søkt konsesjon for ligg utanfor verneområdet, men eit av momenta som er spelt inn i høyringa er kor synleg utbygginga vert frå landskapsvernombordet. For å belyse dette momentet, ynskjer SFE å lande på to stader langs den vanlegaste tur-ruta i verneområdet under synfaringa.

Som nemnt må denne søknaden handsamast under naturmangfaldlova (nml) § 48, første ledd. Det må då avklarast at tiltaket ikkje strider mot verneføremål og at det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Føremålet med vernet er å ta vare på landskapet med det storslårte landskapet med brear, landskapsformasjonar, geologi og variasjon, og dessutan biomangfald og kulturlandskap. Landing med helikopter fører ikkje til inngrep i landskapet, og so lenge det er snakk kortvarig og tilfeldig aktivitet går det ikkje ut over det urørte preget som skal vernast om. Tiltaket truar ikkje verneføremål eller verneverdiar og dispensasjon kan derfor gjevast med heimel i nml § 48. Det er likevel ingen automatikk i at løyve vert gjeve, sjølv om der fins heimel til det. Forvaltningsstyresmakta må vurdere om dette er eit fornuftig tiltak med eit reelt behov. Ein skal og sjå på om det finns meir skånsame alternativ.

Det er her snakk om å få gjennomført ei synfaring for å kunne ta omsyn til naturverdiane i området og korleis utbygginga eventuelt kan påverke turfolk si oppleveling av området.

Verneområdeforvaltaren ser positivt på at slike omsyn vert teke og meiner derfor det er eit godt tiltak å inkludere dette i synfaringa. Det er berre snakk om to landingar inne i landskapsvernombordet og påverknaden vert derfor kortvarig. Det er og eit «formildande» omst  nde at dette skjer på hausten, n  r det ikkje er s  rbar hekketid for verken rovfugl eller anna dyreliv.

Grunna topografi og vertilh  ve, er bruk av helikopter den mest praktiske m  ten å få gjennomført synfaring på. Einaste brukbare alternativ er å gå inn i området, men dette vil b  de vere meir krevjande å gjennomf  re og ta meir tid. Det er fysisk krevjande å ta seg inn til desse stadane, og det vil kunne hindre enkelte fr  r   lta på synfaringa.

Vurdering av milj  rettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml §§ 8-12)

Naturmangfaldlova § 8 set krav til eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag n  r ein skal handsame saker som kan påverke natur og milj  . Forvaltninga er ikkje kjend med at tiltaket vil ha noko negativ påverknad eller føre til skade på naturmilj  et i området. Helikopter har vore nytta tidlegare i dette og omkringliggende omr  de, utan at forvaltning eller oppsyn har registrert negativ påverknad. Kunnskapsgrunnlaget bygger på tilgjengeleg vite og erfaring og vert vurdert til å vere tilfredsstillande. F  re-var-prinsippet kjem derfor ikkje til bruk her.

Det er lite motorferdsel i Ålfotbrean landskapsvernombordet. Den samla belastinga må derfor seiast å vere låg og godt innanfor det akseptable. Det er ikkje venta at tiltaket kan føre til milj  forringing. I følgje naturmangfaldlova § 12 kan ein sette krav om at mest sk  nsame metode og rute vert valt, og slik forvaltninga ser det er det nettopp det som er søkt om i søknaden fr   SFE.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Sogn og Fjordane Energi (SFE) får løyve til å lande med to helikopter dei to stadane som er merka av i søknaden. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under helikoptertransport og –landing
- Løyvet gjeld for perioden 15.sept – 31.okt
- Verneområdeforvaltar og/eller naturoppsyn skal ha melding om kortid landingane skal finne stad på førehand

Vedtak:

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

**ST 7/14 Legge framlegg til forvaltningsplan
ut på høyring**

Framlegg til vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre legg framlegg til forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde ut på høyring

Vedtak:

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

RS 2/14 Orienteringssaker

- SFE har anka jordskifteretten si merking av grensa til Ålfotbreen landskapsvernområde. Bakgrunnen for det er at delar av SFE sine reguleringsmagasin sovidt kjem innanfor grensa til landskapsvernområdet, noko dei meinar ikkje er i tråd med intensjonen for grensesettinga. Verneområdeforvaltar vil informere om stoda i denne saka.

Verneområdeforvaltaren informerte om bakgrunnen for anken og møtet han har vore i saman med SFE og Fylkesmannen.